



**Kommunestyret**

Vår sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2014/321  
Vår dato: 20.04.2015

**Partsbrev PS 18/15 - Politisk organisering i Bømlo kommune - Val av nytt kontrollutval hausten 2015**

Ber om at partsbrev og saksdokument vert lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Ordførar  
Rådmann  
Bømlo kommune  
Utvalseiar  
Deloitte AS

Arkivsak: 014  
Arkivnr: 2014/321-7  
Sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	18/15	15.04.2015

### Politisk organisering i Bømlo kommune - Val av nytt kontrollutval hausten 2015

#### Samandrag

Måndag 14. september 2015 skal det haldast nytt kommuneval. I denne samanheng kjem mange av kommunane til å sjå på, og kanskje endra, den politiske organiseringa i forkant av valet. Med bakgrunn i dette kan det vera nyttig at kontrollutvalet kjem med nokre innspel til kommunestyret i høve val av nytt kontrollutval, for å sikra eit best mogleg funksjonelt kontrollutval.

#### 5 faste medlemmer i kontrollutvalet:

I dag har dei fleste kommunane ei ordning med 5 faste kontrollutvalsmedlemmer (Bømlo 6 medlemmer). Viser til rapport «*Evaluering – Kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat*» (desember 2014) som Deloitte AS har utarbeida for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I denne rapporten vert det også anbefalt å ha 5 faste medlemmer (side 191 i rapporten). Nokre få kommunar har framleis ei ordning med 3 medlemmer, noko som kan vera utfordrande i praksis. Dette kan illustrerast ved at det til dømes berre møter 3 medlemmer til kontrollutvalsmøte og personleg vara ikkje kan møta ved meldt forfall. Kontrollutvalet er då vedtaksfør, men utvalsleiar får eigentleg vetorett. Dersom leiar og medlem har ulikt syn, vinn leiar fram med dobbeltrøyst. Dersom ein til av dei som skulle møte vert sjuk, vil møtet måtte avlysast. Dette vil mellom anna føra til ekstrakostnader for kommunen. Dessutan vert færre politiske parti representert i kontrollutvalet ved få medlemmar, og drøftingane vert «fattigare». I lys av dette tilrår sekretariatet at kontrollutvalet går inn for at ordninga med 5 faste medlemmer vert oppretthaldt også i den nye valperioden.

#### Vara i rekkefølge:

Ved val av vararepresentantar til kontrollutvalet er det vanleg å nytte forholdsval, jf. m.a. dette i kommunelova:

#### *§ 37. Forholdsvalg – valgoppgjøret*

*4. Hver liste skal såvidt mulig tildeles så mange varamedlemmer som den får medlemmer, med et tillegg av to. Varamedlemsplassene fordeles ved fortsatt opptelling på samme måte som bestemt for medlemmene i pkt. 2 og 3 ovenfor.*

For å få best mogleg kontinuitet i arbeidet i kontrollutvalet, vil ein kunna argumentera med å velja ei løysing med vara i rekkjefølgje. Då vil det som regel vera same personen som stiller i dei møta det er behov for vara. Det er i tilfelle ein føresetnad at kommunestyret gjer samrøystes vedtak. Reglane for dette går fram av kommunelova m.a. slik:

### § 38 a. Avtalevalg

2. Valget gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet foreslår for kommunestyret at Bømlo kommune i neste valperiode vel vara i rekkefølge i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.

#### Kontrollutvalsleiar fast medlem i kommunestyre:

Når kontrollutvalet har saker som skal opp i kommunestyret, enten for endelig vedtak eller til orientering, er det ei føremon at kontrollutvalsleiar er fast medlem i kommunestyret. Dette gjelder også når det er saker/bestillingar som kommunestyret ynskjer at kontrollutvalet skal gjera noko med. Kontrollutvalet skal som kjent foreta kontroll og tilsyn i kommunen på vegne av kommunestyret. Ved at leiar i utvalet har fast sete i kommunestyret, vil dialogen mellom kommunestyret og kontrollutvalet verta styrka. Rapporten «*Evaluering – Kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat*» omtala lenger framme tilrår også ein slik praksis (side 192). Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet sluttar seg til dette.

#### Kontrollutvalsmedlemmene same møtegodtgjersla som medlemmer i andre politiske hovudutval:

For å få mest mogleg likskap mellom dei ulike utvala i kommunen, og den arbeidsinnsatsen dei utfører, er det viktig at også møtegodtgjersla er den same i kontrollutvalet som i dei andre hovudutvala. Arbeidet og ansvaret i kontrollutvalet har vorte mykje meir krevjande dei siste åra. Det vil vera med å styrke legitimiteten til kontrollutvalet ved at godtgjersla er den same som i dei andre hovudutvala i kommunen. Dei kommunane som allereie har dette, bør framleis oppretthalda denne ordninga, andre bør vurderer å innføra dette frå og med neste periode.

#### **Konklusjon:**

Sekretariatet tilrår at varamedlemmer til kontrollutvalet skal velgjast i rekkefølge, i tråd med kommunelova § 38a Avtalevalg.

#### **Forslag til innstilling**

1. Kontrollutvalet skal ha 5 faste medlemmer.
2. Leiar i kontrollutvalet skal ha fast sete i kommunestyret.
3. Varamedlemmer til kontrollutvalet skal velgjast i rekkefølge i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.
4. Kontrollutvalet skal ha same godtgjersle som dei andre hovudutvala.

#### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet skal ha 5 faste medlemmer.
2. Leiar i kontrollutvalet skal ha fast sete i kommunestyret.
3. Varamedlemmer til kontrollutvalet skal velgjast i rekkefølge i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.
4. Kontrollutvalet skal ha same godtgjersle som dei andre hovudutvala.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*